

Kultur- og kirkedep

17 DES 2009

2009/870-032



Møre og Romsdal fylke



Det kongelige Kultur- og kirkedepartement
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	15.09.2009	MR 46133/2009/C30/&13	Lene Mordal,71 25 88 53	14.12.2009

Svar på høring - gjennomgang på Rikskonsertane sin verksemd

BAKGRUNN

Kultur- og kirkedepartementet (KKD) har gitt Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) i oppdrag å gjennomgå Rikskonsertane si verksemd. KKD har send rapporten "Nye tider - nye takter" på høring. Dette er m.a. ei oppfølging av Løkenutvalet sin rapport "Forenklet, samordnet og uavhengig - Om behov for endringar i tilskuddsforvaltningen for kunst- og kulturfeltet" og St.mld.nr 21 "Samspill. Et løft for rytmisk musikk".

Gjennomgangen frå DIFI omfattar Rikskonsertane si verksemd både utadretta og internt. Datagrunnlaget er dokument samt intervju med tilsette i Rikskonsertane og samarbeidspartnarar. Møre og Romsdal fylke har ikkje vore informant i saka.

Rikskonsertane sin hovudfunksjon er å formidle musikk gjennom skolekonsertordninga og offentlege konsertar. Rikskonsertane er eit forvaltningsorgan underlagt KKD. Møre og Romsdal fylke sitt samarbeid med Rikskonsertane er i hovudsak konsentrert om skolekonsertordninga. Ein avtale regulerer samarbeidet.

Dette svaret tek opp det som angår arbeidet som blir gjort i Møre og Romsdal fylke og nokre hovudtrekk i rapporten i form av råd og synspunkt frå Møre og Romsdal fylke.

FUNN OG SYNSPUNKT FRÅ GJENNOMGANGEN

Ein tek her utgangspunkt i punkt 4.4.2 Forholdet til fylkeskommunane

Rapporten viser til positive endringar i samarbeidet med fylka. I avtalen med fylka frå 2008 heiter det no samarbeidsavtale, og er eit resultat av dialog i forhandlingsprosessen. Det er også kontinuerleg tett dialog mellom partane, mellom anna gjennom årlege regionale og nasjonale fagsamlingar. Rikskonsertane har i tillegg utvikla eit eige ressurs- og kompetansesenter i avdelinga Barn og Unge. Møre og Romsdal har nytta desse tiltaka særst godt og vore representert kvar gong det er arrangement. I tillegg er produsenten i Møre og Romsdal medlem i Rikskonsertane sitt programråd, eit nasjonalt kvalitetssikringsorgan for skolekonsertane.

I rapporten blir det vist til at fleire fylke har ønska større prosentvis fordeling i ansvar for skolekonsertane enn før, og ein har oppnådd dette i dei nye samarbeidsavtalene. Møre og Romsdal har dei siste åra hatt eit eige volum på 50 % og har ikkje jobba for ein auke. Dialogen med Rikskonsertane under programmering har vore god og sikra variasjon i genre, utanlandsproduksjonar (verdsmusikk) og øvrig variasjon i skolekonsertane. Samarbeidet om rutiner og arbeidsplaner rundt programmering og turnéar har stadig vorte betra.

Møre og Romsdal fylke har i 2009 søkt om å vere med i tilskotsordninga for barnehagekonsertar. I dag får bare 10 fylke midlar til å ha konsertar for barnehage. Med den nye fylkesplana til Møre og Romsdal fylke etablerar ein no Kultursekk i barnehage, og fylket har eit behov for å få midlar til musikktilbod, samt å vere med i fagarbeidet Rikskonsertane har på feltet barnehage.


Utviklinga av ressurs- og kompetansesenter oppfyller eit fagleg behov i miljøet. Senteret arbeider t.d. med kontakt med høgskole- og forskningsmiljøet, den kulturelle skolesekken, dei legg program til dei nasjonale fagsamlingene og bidreg til utvikling av utvida konsertmodellar. Rapporten fortel om at fleire fylke ønskjer at Rikskonsertane skal utvikle senteret og kanalisere midlar til dette på bekostning av eit mindre produksjonsvolum sjølv. Grensa på 25 % konsertproduksjon (skolekonsertar) må gjerne senkast, meiner mange informantar. Møre og Romsdal sluttar seg til ei fortsatt utvikling av ressurs- og kompetansesenteret, men meiner at Rikskonsertane sjølv må ha eit kontinuerleg produksjonsarbeid for å kunne vere truverdige og ha kontakt med produksjonshandverket. Produsentkollegiet for skolekonsertar er ikkje stort i Norge, og det er nyttig å ha eit visst volum av produsentar i Rikskonsertane også.

Møre og Romsdal støttar funn i rapporten som seier at Rikskonsertane bør fylle tomromma fylka sjølv ikkje så lett kan fylle, t.d. utanlandsproduksjonar, eller produsere innafor spesielle nisjer. Vårt fylke er også nøgd med at Rikskonsertane no ser seg sjølv i ein større samanheng enn før med tanke på at dei mange stader er ein del av Den kulturelle skolesekken og ikkje er einaste hovudleverandør av kulturtilbod til born i grunnskolen.

RÅD OG SYNSPUNKT FRÅ MØRE OG ROMSDAL FYLKE

1. Satse vidare på dialog og samarbeid:
Som offentleg riksinstitusjon er oppdraget til Rikskonsertane oppgåveløysing i heile landet. Dialog og samarbeid med brukarane er naudsynt for å få korrektiver på verksemda.
2. Halde fram med utvikling av ressurs- og kompetansesenter:
Rikskonsertane sitt arbeid her har legitimitet i miljøet og gir alle som arbeider med formidling av musikk gode tilbod til utvikling i faget og i neste omgang til brukarane av tenestene.
3. Legge klårare føringar for offentlege konsertar:
Rikskonsertane opererer ikkje på linje med andre marknadsaktørar. Difor må Rikskonsertane alltid vurdere kva for hensyn dei skal ta med tanke på publikumsoppslutnad, sjangerbreidde, nyskaping, orientering mot distrikta, ønskje frå kulturhusa m.m.
4. Utvikle gode modellar for kombinasjonsturnéar:
Halde fram med planlegging av kombinasjonsturnéar. T.d. kan ein legge tilrette for utøvarar som er på skolekonsert-turné også gjer andre konsertoppdrag i same distriktet, med eit minimum av ekstra kostnader.

Med helsing



Arvid Blindheim
Kulturdirektør



Lene Mordal
Konst.fagsjef
kulturformidling

Kopi:
Kulturutvalet